



SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

Sommar 2022 med invitasjon til tur

Gode medlemer!

Fyrst vil eg sei meg lei for at Sunnhordlendingen ikkje kom ut i vår. Tida berre forsvann då eg var barnevakt i 10 veker. Så lenge har fiskarane mine aldri før vore på Lofotfisket. Likevel fekk dei ikkje fulle kvotar. Det var dårleg med fisk og mykje landliggje grunna veret. Sommaren har eg «tulla vekk» med å vera sjuk. No går det på fram litt etter litt og det er endeleg tid for årets lokaltur.

DAGSTUR TIL USKEDALEN ONSDAG 21.09.2022.

Vi starta med lokalturane våre i 2014, den gong til Fjelberg. Seinare har vi vore rundt i mange bygder, mellom anna Varaldsøy og Valen. I år vert det altså Uskedalen. Dersom du trur at Uskedalen berre er området langs vegen tar du heilt feil. Det er over 1 mil til dals og mykje å sjå. Fjella er imponerande, men vi skal ikkje prøva oss på klatring. Turen går med buss og Kristian Bringedal vil vera turleiar. Han er Uskedaling, tidlegare lærar og kultursjef i kommunen fram til han vart pensjonist. I tillegg er han svært historieinteressert og kjenner bygda ut og inn.

Turen startar frå Stord med **båten kl. 09.25 – til Sunde kl. 09.45.**

Der ventar bussen. Kvinnheringar frå Ytre Luten kan koma på bussen der. Det vil bli stopp i Husnes sentrum og sjølvsagt plukkar vi folk opp langs vegen til Uskedalen dersom nokon ynskjer det. Bussen kjører til Uskedalen, parkeringsplassen ved Gamleskulen/Grano midt i sentrum. Der er god plass å parkera for dei frå Indre Luten. Bussen går **frå Gamleskulen kl. 10.30.** og vi kjører opp dalen.

Det vert stopp ved skulemuseet for Kvinnherad på Haugland. Vi tar oss tid til ein kaffikopp og litt å bita i, enten ved museet eller ved den kjekke gapahuken litt lenger inne. Veret vert avgjerande for staden.

Vi har fått lov til å koma opp i tunet på fjellgarden Fjellandsbø der unge folk no har teke opp att drifta. Bussen kan kjøra til parkeringsplassen ca. 200 m frå husa. Det er ein fin rusletur den beten som er att.

På veg nedover stoppar vi ved Friheim gardsmat. Der vert det høve til å kjøpa kjempegod bacon, ulike spekepølser og ulike middagspølser.

Vi tar ein liten tur nedom Beinavikjø, det gamle sentrum i bygda før turen går til middag på Perla, Elins Matgleder ved båthamna. Vi får servert svinesteik med det som høyrer til, karamellpudding og kaffi/te. Sei frå dersom du har noko allergi!

Høyrest dette kjekt ut? Kom og bli med. Prisen er kr. 200.00 for medlemer og kr 650.00 for ikkje medlemer. Vi ynskjer betaling til kontonummer **0531 43 00299** Postpensjonistane i Sunnhordland, merkt med namn på deltakar. Det vert høve til å betala kontant, hugs beine pengar. Kvar og ein kjøper båtbillett sjølv. Retur til Stord med båten kl. 17.26.

PÅMELDING INNAN 10. SEPTEMBER til Eli Roseth Eik, tlf. **957 86 228**

Bruk gjerne SMS.

Styret ser fram til ein kjekke tur, **VEL MØTT!**

Masse helsing frå Eli

Etter årsmøtet vart styret samansett slik:

Leiar Eli Roseth Eik	Tlf. 95786228
Nestleiar/skrivar Unn Sara Spissøy	Tlf. 90780345
Økonomiansvarleg Kari Tysnes Kjos	Tlf. 91566184
Styremedlem Gerd Waage Skålevik	Tlf. 95454628
Styremedlem Mikal Saltvik	Tlf. 92083745
Varamedlem Nils Vestbøstad	Tlf. 91799636
Varamedlem Berit Bergsvåg	Tlf. 90046897

Turkomiteen: Mariann Helseth, tlf. 93410577 er åleine i komiteen og ynskjer einkvan med seg. Flott om nokon tar utfordringa.

Nytt medlem: Karin Korsvik

Vi ynskjer henne hjarteleg velkomen i laget vårt.

Dødsfall.

Leif Folgerø gjekk bort i juli. Vi lyser fred over hans minne.

Hagerupshuset:

I vår diskuterte vi å flytta treffa sidan nokre hadde problem med lemstrappa. Mariann Helseth såg etter alternativ og kom med fylgjande tankar:

Sender ved ein liten info om treffet i Hagerupshuset.

Har vore ein rask formiddagsrunde(idag onsdag ca. kl.11) på Leirvik: innom Kaisvingen(gamle Kringlo) og kafeen i Helseparken.

Ganske fullt begge plasser og ganske høgt lydnivå. Eg var positiv til å skifta lokale, men etter runden er min personlige konklusjon at Hagerupshuset eignar seg supert til våre treff.

Der har me lokalet for oss sjøl, kan le, tulla, mimra om gamle dager uten tilhøyrerar! Og på kafeane må me reservera bord for ev. ha plass til 5-8 personar.

Då må me jo ha kontroll på kor mange som kjem kvar gong - selvfølgelig kan me sitja med fleire bord, det er ikkje så kjekt.....

Styret sa seg samnd med Mariann og treffa vil halda fram på Hagerupshuset. Nett no har eg ikkje haustdatoane. Unn vil leggja dei ut på heimesida vår. Fylg med på postpensjonistene.no under fana vår Sunnhordland.

Vi ynskjer jubilentane vår hjarteleg til lukka med dagen, nokre på etterskot og nokre på forskot.

85 år

Eivind Hystad – 19.04.

80 år

Ingrid Stalheim Hillestad – 09.03

Wally Miljeteig – 18.06.

75 år

Evy Kronenes – 30.03

Olav Eidet – 18.05

Kari Grete Sande – 14.06.

Berit Alise Husevik – 28.06

Björg Marie Espeland – 10.08

70 år.

Kjell Egil Hollund – 15.05.

Anne Elin Vatna – 09.07.

Anne-Björg Kloven Steen – 16.07.

Signe Linløkken – 09.08.

Bente Stien Nysæter – 26.08.

65 år

Margrete Gjerald Mehl – 17.05.

Anita Bergheim – 01.04.

Olav Håvardsholm 04.09.

Vi minner om Grasrotandelen.

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322**.

Grasrotandelen er på 7.0% Vi har til no 5 gjevarar som har utløyst kr. 3796.65 i tilskot så langt i 2022. Vi håpar sjølvsagt på fleire gjevarar som vil auka tilskotet til kassen vår.